



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

Postadresse

Besøksadresse
Norsk fjellsenter
Brubakken 2, 2686 Lom
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt

Sentralbord: +47
Direkte: +47 948 80 564

<http://www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen>

Adresseliste

Saksbehandler Kari Sveen

Vår ref. 2019/8456-3 432.2

Dykkar ref.

Dato 16.05.2019

Offentleg høyring - Skogadalsbøen Mikrokraftverk i Utladalen landskapsvernområde - DNT Oslo og Omegn - Kleppconsult v/ J. Flaata

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har motteke søknad om løyve til bygging av Skogadalsbøen kraftverk i Luster kommune. Søknaden skal behandlast av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og vassressurslova § 33, av Luster kommune etter plan- og bygningslova og av Sogn og Fjordane fylkeskommune etter laks- og innlandsfiskelova.

For å få saka best mogleg opplyst, vert det gjennomført ei felles offentleg høyring som vil bli lagt til grunn for behandlingar og vedtak. Fullstendige saksdokument med søknad og vedlegg er lagt ut på nettsida til nasjonalparkstyret www.nasjonalparkstyret.no/jotunheimen

Høyringsfrist: 25.08.2019

Høyringsfråsegn kan sendast via e-post til fminpost@fylkesmannen.no eller per post til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, Postboks 987, 2604 Lillehammer.

Det er planlagt open synfaring i juni.

Nærare varsel om tidspunkt og praktisk gjennomføring kjem seinare.

Om søknaden:

Skogadalsbøen mikrokraftverk vil nytte eit fall på 50 m i Skogadøla, med inntak 850 moh. og kraftstasjon på kote 800 moh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på elvestrekninga. Røyrgata blir om lag 300 m. Etter anleggsperioden skal det leggjast til rette for revegertering. Kraftverket er rekna til å produsere rundt 0,514 GWh i eit normalår, fordelt på ca. 0,240 GWh vinterproduksjon og 0,274 GWh sommarproduksjon. All elektrisk kraft blir brukt lokalt, då det ikkje er linjekopling mot det eksterne nettet. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 100 l/s i sommarsesongen og 40 l/s om vinteren

Gje beskjed til meg om de ser andre partar som burde fått dette brevet.

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift



Adresseliste:

Utladalen Sameige v/Steinar Mørkrid Sogn og Fjordane fylkeskommune Skogadalsbøen Turisthytte Luster kommune	Hestehagen	6877	FORTUN
Forum for Natur og Friluftsliv - Sogn og Fjordane Fjellstyret for Luster	Rådhuset	6868	GAUPNE
Norges Vassdrags- og Energidirektorat Fylkesmannen i Vestland	Rådhuset	6868	GAUPNE

Kopi til:

Kleppconsult v/ Johannes Flaata
DNT Oslo og Omegn v/ Anders Gjermo
DNT Oslo og Omegn v/ Jan Erik Reiten
Magnus Snøtun